



Intensjonsavtale mellom Vågå og Sel kommunar

Vedteke som grunnlag for folkerøystinga 22. mai av
kommunestyret i Sel 18. april og kommunestyret i Vågå 19. april 2016.





Intensjonsavtale mellom Vågå kommune og Sel kommune om danning av ein ny kommune frå 1. januar 2020

Denne intensjonsavtala er forhandla fram av eit forhandlingsutval med ordførarane, varaordførarane og ein representant for opposisjonen i kvar av kommunane som medlemmer. Utvalet er nedsett av kommunestyra i Sel og Vågå. Avtala er grunnlaget for den rådgjevande folke-røystinga sundag 22. mai 2016. Det er kommunestyra som i juni 2016 tek endeleg stilling til om Vågå og Sel saman skal danne ein ny kommune med verknad frå 1. januar 2020. Først etter at både kommunestyra har vedteke å danne ein ny kommune vil denne avtala vera bindande.

I. Bakgrunn

Både kommunestyra gav i januar 2014 klarsignal til ordførarane om å starte ein prosess for å greie ut ei mogleg kommunesamanslåing mellom dei to kommunane. Parallelt med dette kom det same året eit nasjonalt initiativ. Regjeringa fekk 18. juni 2014 fleirtal i Stortinget for sitt forslag til mandat for ein prosess mot ein kommunereform.

Alle kommunar skal innan 1. juli 2016 melde attende til regjeringa ved Fylkesmannen om dei ønskjer å slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar, eller om ein vel å fortsette som eigen kommune. Vel

vi å forsette som eigne kommunar, skal dette valet underbyggjast overfor regjeringa og Stortinget. Våren 2017 handsamar Stortinget regjeringa sitt forslag til ny kommunestruktur og vedtek dei endelige endringane av kommunekartet.

Arbeidet i Sel og Vågå har vore organisert i tre fasar; utgreiing, forhandling og vedtak. Utgreiingsfasen vart avslutta i desember 2015 med at kommunestyra vedtok rapportane «Demografi og økonomi», «Tenesteyting og forvaltning» og «Samfunnsutvikling og demokrati».

2. Ein ny kommune

Sel og Vågå var ein kommune – Vaage herad - fram til 1908. Då vart kommunen delt i tre kommunar – Heidal, Sel og Vågå. Frå 1965 vart Heidal og Sel slegne saman att til den nye Sel kommune. Partane meiner tida no er inne for å sameine kreftene og ressursane i Sel og Vågå og danne ein ny kommune.

Det har gått over 100 år sidan oppsplittinga av Vaage herad. Etter 1908 er samfunnstillhøva radikalt endra. Mobilitetten og hastigheita på omstilling og endring kan ikkje samanliknast. Fellesskapsløysingar og offentlege tenester dominerer liva og lokalsamfunna våre. Kvalitet og omfang på velferdstenestene er avgjande for livskvaliteten for mange innbyggjarar, og definerer omdømet og attraktiviteten til kommunen. Ein ny kommune med fleire ressursar og større breidde set oss i betre stand til å møte framtida.

Det er 1100 færre selværer og vagværer enn for 30 år sidan. I følgje Statistisk Sentralbyrå sine prognosar vil folketalet kunne gå ned også dei neste 10 – 20 åra. Det vil bli fleire eldre og færre yngre innbyggjarar. Inntektene frå staten vil gå ned. Dette vil sette velferdstenestene våre under press.

Ein ny og større kommune vil betre enn Sel og Vågå kvar for seg kunne påverke rammene for utviklinga av lokalsamfunnet og tenesteproduksjonen dei neste tiåra. Ein ny kommune vil ha betre føresetnader for å levere gode og trygge tenester. Ein større kommune vil

rå over fleire ressursar for å drive tilrettelegging for næringslivet og nye arbeidsplassar.

Det finst ei eiga lov for samanslåing av kommunar – Inndelingslova. Denne lova heimlar det politiske organet «Fellesnemnd» samansett av kommunestyremedlemmer frå dei kommunane som skal slåast saman. Det er fellesnemnda som på oppdrag frå kommunestyra skal førebu samanslåinga etter at denne er vedteken av Stortinget. Fellesnemnda avklarar prinsipielle, økonomiske og praktiske spørsmål. Nemnda utarbeider forslag til budsjett og økonomiplan for det første driftsåret og tilsett administrasjonssjef.

Denne intensjonsavtala vil vera styrande for nemnda.

Fellesnemnda for Sel og Vågå skal ha 8 medlemmer, 4 frå kvar av kommunane. Alle nemndsmedlemmene må vera kommunestyremedlemmer. Medlemmene i nemnda blir valde ved forholdstalsval i kommunestyra. Leiaren blir vald blant representantane frå Sel kommune.

Ordførarane
Iselin Jonassen og
Dag Erik Pryhn.
Foto: Norddalens



3. Kjenneteikn og mål for den nye kommunen

Tenester

Den nye kommunen skal levere gode og likeverdige tenester til innbyggjarane. Dette føreset at kommunen har naudsynt kompetanse, nok kapasitet og at tilbodet blir forma ut ifrå kva behov kvar einskild har.

I ein større kommune vil ein i sterkare grad kunne rekruttere og utvikle spesialisert kompetanse i tenestene. Døme på dette er psykolog, logoped, kreftsjukepleie, tilbodet til slagpasientar, helsestasjon for ungdom og spesialisering innan geriatri og psykiatri.

Den nye kommunen skal leggje til grunn eit prinsipp om nærleik mellom brukar, tenestestad og tenesteleveransa. Spesialiserte oppgåver og tenester med krav til spisskompetanse kan det vera tenleg å samle.

Den medisinske og teknologiske utviklinga gjev stadig fleire moglegheit til trygt å kunne bu heime i eigen bustad. I ein større kommune vil ein få betre føresetnader for å levere individuelt tilpassa tenester innan helse, pleie og omsorg. Ein større kommune får ei betre plattform som vertskommune for vidareutvikling av tilbodet ved Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter og innan feltet rus og psykiatri.

Med ein ny kommune vil ein kunne sjå Sel og Vågå i ein heilskap og betre samordne og nytte dei ressursane vi rår over. Større fagmiljø vil gje moglegheiter for ei styrking av tilbodet innan barnehage, skule, fritidstilbod til ungdom, helsestasjon, psykiatri og barnevern. Ein vil kunne organisere dagleg drift og vedlikehald av vatn, avlaup og kommunale vegar på ein meir rasjonell måte.

Samfunnsutvikling


Planlegging, samfunnsutvikling og næringsutviklingsarbeid blir i stor grad definert av kommunegrenser. Det er ikkje alltid at kommuneinndelinga i dag er logisk eller funksjonell i høve til korleis samfunnet fungerer, eller korleis vi best kan nytte dei ressursane og moglegheitene vi har. Med nye kommunegrenser vil areal til næringsutvikling, bustader og hyttebygging bli vurdert i eit nytt og utvida perspektiv.

Ein kommune som kan kombinere kvalitetar som Jotunheimen, Rondane, Sjodalen og Heidal vil ha eit stort potensiale innan reiseliv og natur- og kulturbasert næringsutvikling.

Økonomi

Både Sel og Vågå har i dag god kontroll på økonomien. Men vi står framfor store investerings- og vedlikehaldsbehov dei neste tiåra, samstundes som vi må styrke tilrettelegginga for næringslivet vårt og for nye arbeidsplassar. Teikn i tida peikar i retning av at meir av dei offentlege ressursane vil gå til dei store byområda og kommunar med sterkt vekst i folketalet. Ein solid kommuneøkonomi er ein føresetnad for å kunne gje innbyggjarane gode tenester, vera ein attraktiv arbeidsgjever og ha handlingsrom til investeringar og aktiv nærings- og samfunnsutvikling. I ein ny kommune må ein difor ha meir fokus på kostnadseffektiv administrasjon og rasjonell drift. Ein ny og større kommune vil få reduserte administrasjonskostnadene og kunne overføre frigjorde midlar til tenesteproduksjon og utviklingsarbeid. Sel og Vågå sine økonomiplanar for perioden 2016 - 2019 blir lagt til grunn for investeringar fram mot samanslänginga.

Sel rådhus, foto: Norddalen



Vågå kommunehus,
foto: Norddalen



Lokaldemokrati

Sjølv om ein ny kommune framleis vil vera ei relativt lita og oversiktleg eining, må ein leggje stor vekt på at demokratiet får gode vilkår. Den nye kommunen skal arbeide for eit inkluderande lokaldemokrati med vekt på brukar- og innbyggjarinvolvering.

Partia vil forplikte seg til at alle kretsane i den nye kommunen er representerte på vallistene ved

valet i 2019. Gjennom styrka frikjøpsordningar vil varaordførar, opposisjonen og leiarane i hovudutvala få betre moglegheiter enn i dag til å fylle den politiske rolla. Den nye kommunen skal arbeide for eit inkluderande lokaldemokrati med vekt på brukar- og innbyggjarinvolvering. Den nye kommunen vil stimulere til etablering og drift av grendeutval og/eller bustadforeiningar i heile kommunen.

4. Kommunenamn og kommunevåpen

Kommunenamn

Den nye kommunen får namnet Vågå kommune.

Kommunevåpen

Den nye kommunen tek kommunevåpenet til Vågå kommune.

Pillarguri-motivet blir vidareført som byvåpen for Otta.

Fellesnemnda utarbeider forslag til grafisk og visuell profil.



VÅGÅ
KOMMUNE



SEL
KOMMUNE



Otta blir administrasjonsstad i den nye kommunen; foto: Sel kommune

5. Administrasjonsstad

Otta blir administrasjonsstad i den nye kommunen.

6. Politisk organisering og styring

Kommunestyret skal ha 31 medlemmer.

Formannskapet skal ha 7 medlemmer. Formannskapet får ansvar for budsjett/økonomiplan, overordna planarbeid og nærings- og samfunnsutvikling.

Det skal vera to hovudutval i tillegg til formannskapet. Utvala skal ha 7 medlemmer. Fellesnemnda avklarar fordelinga av ansvar mellom dei to utvala.

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer.

Partssamansett utval skal ha 7 medlemmer, 4 politikarar og 3 representantar for dei tilsette.

Arbeidsmiljøutvalet skal ha 7 medlemmer, mellom anna 2 politikarar der ordføraren/varaordføraren skal vera ein av desse.

Vågå fjellstyre skal ha 3 kommune-styremedlemmer.

Sel fjellstyre skal ha 3 kommunestyremedlemmer.

Finndalen fjellstyre skal ha 2 kommune-styremedlemmer.

Ungdomsråd.

Eldrerådet skal ha minst 1 kommunestyremedlem.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha minst 1 kommunestyremedlem.

Rådet for fleirkultur og integrering skal ha minst 1 kommunestyremedlem.

Det blir etablert faste kontaktorgan mellom kommunen, lokalt næringsliv og landbruket.

7. Målform

Kommunen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk.

Otta skulekrins har bokmål som hovedmål. Dette blir vidareført. I voksenopplæringa skal deltarane sjølve kunne velje målform. Mållova skal følgjast konsekvent,

noko som mellom anna har som resultat at kommunen nyttar den målforma som adressatane nyttar.

8. Kommunale tenester

Ei samanslåing av Sel og Vågå skal ikkje påverke den lokaliseringa vi har i dag av barnehagar, skular, bufellesskap og institusjonar. Det vil bli ei felles leiing av tenestene.

Det skal framleis vera legekontor både i Vågåmo og på Otta. Brannstasjonane i Heidal, Vågåmo og på Otta blir vidareførte. Kulturskulen skal framleis ha desentralisert undervisning. Det vil framleis vera friviljugsentral både i Vågåmo og på Otta.

Fellesnemnda skal ta stilling til organiseringa av heimeteneste/heimesjukepleie, drift av kommunale vegar, vatn og avlaup, vaktmeisterteneste og reinhald innanfor eksisterande struktur.

9. Administrative funksjonar

Dei sentrale, administrative funksjonane blir delte mellom Otta / Sel rådhus og Vågåmo /Vågå kommunehus.

Otta/Sel rådhus

- Servicetorg.
- Ordførar og politisk sekretariat.
- Rådmannen si leiargruppe, dvs rådmannen og kommunalsjefane.
- Stabsfunksjonane sentral økonomistyring, rekneskap, overordna/strategisk plan, nærings- og utviklingsressurs, informasjon og IKT.
- Ressursar i samband med regionale funksjonar/vertskommunefunksjonar.
- Brann/Beredskap.
- Helse inkl. psykiatri, pleie og omsorg, teneste for funksjonshemma.
- Oppvekst.
- Barnevern.
- Busetjing/integrering, vaksenopplæring.
- NAV mottak.

Det vil vera servicetorg både på Otta og i Vågåmo.

Servicetorga vil gje rettleiing i samband med søknader, informasjon om tilskotsordninga, arrangement og aktivitetar, utføre enklare saksbehandling, selje billettar samt gje besökjande svar på sine spørsmål der og da, eller formidle kontakt til saksbehandlar.

NAV er eit partnarskap mellom kommunane og staten. Intensjonen om endringar i organisering og lokalisering med heimel i denne intensjonsavtala skal drøftast og endeleg avklara med NAV stat.

På same måten vil endra lokalisering av funksjonar der Sel eller Vågå er vertskommunar, bli formelt avklara i dialog med samarbeidande kommunar.

Vågåmo/Vågå kommunehus

- Servicetorg.
- Sentralbord og arkiv.
- Personal og lønn.
- Landbruk/skogbruk, miljø og utmarksforvaltning.
- Tekniske tenester og plan (veg/vatn/avlaup, eigedomsforvaltning, byggesak, matrikkel, eigedomsskatt).
- NAV administrasjon/leiing.
- Kultur.
- Pedagogisk rådgjevingsteneste (regional).

Administrative funksjonar vil bli delte på Otta og Vågåmo. Her frå tettstaden Lalm; foto: Rune Borgan Isaksen, lalm.no



10. Nye og utvida, eksisterande oppgåver

Ein ny kommune med meir ressursar vil vera klar til å ta på seg nye oppgåver og utvida ansvar for oppgåver vi har i dag.

Vågå og Sel kommunar er vertskap for statlege arbeidsplassar og verksemder som til dømes HELFO, NAV Registerkontroll, Skatt Øst, Statens Vegvesen, Mattilsynet, Politiet og Nord-Gudbrandsdal Tingrett.

Vi vil utfordre staten til å leggje fleire oppgåver og fleire arbeidsplassar til nye Vågå kommune – anten innanfor dei eksisterande verksemndene eller ved å leggje nye, statlege funksjonar til oss. Vi vil utfordre staten til etablering av eit statleg kompetansesenter for flom, skred og ras på Otta.

Vi skal vera ein god vertskommune for den største avdelinga av Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule og vaksenopplæringssenteret Karriere Oppland. Desse tilboda må sikrast og vidareutviklast.

Vi vil bli regionsenterkommunen i Nord-Gudbrandsdalen. Vi vil ha ei offensiv haldning til regionalt samarbeid og vera tydelege i ambisjonane om å utvikle regionale funksjonar, tilbod og arbeidsplassar.

II. Plan, strategi og næring

Samferdsel og infrastruktur

Stortinget vedtek våren 2017 ny Nasjonal Transportplan 2017 – 2029. Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen er samde om at ny E6 fram til Otta og dobbeltspor fram til Lillehammer er dei viktigaste, statlege samferdsletiltaka for vår region. Denne prioriteringa vil bli vidareført. For Sel og Vågå, og dermed for nye Vågå kommune, er i tillegg desse tiltaka særleg viktige:

- Strekningsvise tiltak på riksveg 15 Otta – grensa mot Sogn og Fjordane, mellom anna utbetring av krysset ved Randen i Vågå
- Nye tunnelar på riksveg 15 på Strynefjellet
- Vinteropen fylkesveg 51 over Valdresflya
- Ny tunnel E6 i Rosten
- Utbygging av Otta stasjon
- Strekningsvise tiltak på fylkesveg 257, mellom anna rassikring i Skjerdalen

Ein ny kommune vil arbeide for å betre kollektivtilbodet gjennom betre frekvens, utvikling av bestillingsruter og betre korrespondanse mellom bussrutene og mellom buss – tog.

Vidare utbygging av breiband og dekning for mobiltelefoni blir ei viktig prioritering i ein ny kommune.

Kommunesenter – tettstad

Eksisterande kommuneplanar i Sel og Vågå definerer tettstadene i kommunane. I Sel gjeld dette Bjølstadmo, Sjoa og Sel i tillegg til Otta. I Vågå er Vågåmo og Lalm definerte som tettstader. Dette blir vidareført i ein ny kommune.

Både kommunane har gode røynsler med systematisk utvikling av tettstadene. Dette vil bli eit satsingsområde for ein ny kommune i samarbeid med mellom andre Oppland fylkeskommune, Statens vegvesen og private.

Bustader og fritidsbustader

Vi vil bli ein betydeleg reiselivskommune. Potensialet er stort med nokre av Noreg sine mest kjente og attraktive naturområde og kulturverdiar. Vi skal føre ein offensiv politikk for utbygging av hytter og infrastruktur i samarbeid med grunneigarane og hyttevelforeiningane. Det blir etablert eit fast kontaktorgan mellom kommunen og hyttevelforeiningane. Vi skal fortette og utvide eksisterande hytteområde.

Ein ny kommune vil gje moglegheiter i arealplanlegginga til å sjå område, funksjonar og infrastruktur i eit nytt perspektiv.



Vi vil bli ein betydeleg
reiselivskommune.
Frå Høvringen
- foto: Sel kommune

Ein ny kommune skal føre ein bustadpolitikk der ein kombinerer fortetting og satsing på sentrumsleilegheiter, sentrumsnære tomter for einebustader og rekkjehus og spreidd bustadbygging.

Næringsareal

Vi har kommunale næringsareal som ligg tett inntil E6, riksveg 15 og fylkesveg 257. Desse næringsområda skal oppgraderast og ledige areal skal førebuaast for rask realisering av nye næringsbygg. Kolbotten industriområde på Lalm ligg sentralt plassert i den nye kommunen. Dette området vil vera viktig å vidareutvikle. Ny tverrforbindelse frå E6 nord i Otta kultur- og næringspark vil auke attraktiviteten til det ledige arealet i dette området.

Samferdsel og infrastruktur er viktige satsningsområde for ein ny kommune.

Foto frå Vågåmo: Vågå kommune



12. Innovasjons – og utviklingsprosjekt

Nye Vågå kommune vil satse meir på innovasjons- og utviklingsarbeid . Målet for ein ny kommune er at det skal drivast innovasjons- og utviklingsarbeid innan alle tenesteområda.

Døme:

- Det er eit mål at den nye kommunen skal vera fullt ut digital innan 2020. Det betyr at kommunen i all samhandling og kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv skal tilby ei digital løysing og digital plattform for kontakten. Kommunane har i høve dette saman søkt KMD om tilskott til infrastrukturtiltak.
- Ei klok innfasing av ulike typar velferdsteknologi i tilbodet til pleie- og hjelpetrengande.
- Ei vidare styrking av beredskapen ved naturhendingar og større brannar og ulykker.
- Den fleirkulturelle kommunen. Vi er fleirkulturelle lokalsamfunn. Dette gjev oss utfordringar og moglegheiter. Vi skal involvere heile kommunen i arbeidet med Busetjing og integrering av nye, framandspråklege innbyggjarar slik at dei blir sjølvberga og ein ressurs i lokalsamfunnet.
- «Ungdomen er framtida»; tydeleggjere kva som krevst for at dette får eit innhald i dei prioriteringane kommunen gjer.

- Frå 2017 skal psykiatri og rus fasast inn i samhandlingsreformen. Den nye kommunen vil ha særleg gode føresetnader for å ta på seg nye oppgåver og utvida ansvar takka vera røynslene med LMS og det psykiatriske fagmiljøet til Sykehuset Innlandet i Sel.
- Næringsutvikling i aksen Sjoa - Heidal m/ Sjoa elv - Murudalen/Skåbu - Randsverk - Sjodalen - Gjende - Valdresflya.
- Utforme arealbruk og næringspolitikk som definerer balansen mellom vern og berekraftig bruk.
- Bidra til etablering av næringsklynger og næringshagar.
- Lokal foredling av råstoffet frå landbruket og naturen.
- Ein eigen kommuneplan for friviljug sektor og samhandlinga mellom friviljug, ideell innsats og den nye kommunen.

«Ungdomen er framtida»; foto: Sel kommune



13. Kommuneøkonomi

Regjeringa har i 2016 hatt på høyring forslag til nytt inntektssystem for kommunane. Nytt inntektssystem skal gjelde fra 1.1.2017. Fyrst i samband med kommuneproposisjonen i mai 2016 er det venta nærmere konkretisering og avklaring av endringane i inntektssystemet. Det er lagt til grunn at kommunar som fattar positive vedtak om samanslåing før utgangen av juni 2016, vil få behalde gjeldande, frie inntekter frå noverande inntektssystem i 15 år etter ei samanslåing med ei nedtrapping dei neste 5 åra. Ein ny kommune vil difor i ein overgangsperiode fram mot 2035/2040 framleis få ei basisfinansiering som om det var to kommunar. I tillegg vil ei samanslåing av Vågå og Sel utløse 20 mill. kr til dekning av eingongskostnader og 5 mill. kr i reformstønad.

Slik forslaget til nytt inntektssystem er presentert, er det frå KS rekna ut at Sel og Vågå vil ha økonomisk fordel av å slå seg saman. Kor stort utslag det vil vera snakk om er avhengig av dei avklaringane som blir kjem ved handsaminga av saka i Stortinget.

Eigedomsskatt

Vågå og Sel har vedteke ulike takserings-metodar for eigedomsskatt. I Vågå er bustader takstert, medan ein i Sel nyttar Skatteetaten sin likningsverdi. Dette gjev ulikt grunnlag i dei to kommunane for fastsettjing av eigedomsskatten på samanliknbare bustader. Eigedomsskatten i den nye kommunen vil bli samordna med omsyn til prinsipp for utrekning av skatten og nivået for skatteytarane.

Kraftinntekter

Inntekter frå kraftproduksjon er viktige for å kunne levere gode velferdstenester. Inntektene gjev òg auka moglegheiter til å eigenfinansiere investeringar og å gje tilskot til næringsutvikling og ideelle tiltak.

Kraftinntektene kjem som skattar, avgifter og inntekt ved sal av konsesjonskraft. I tillegg har kommunane gjort eigne avtaler om tilleggsytingar i samband med kraftprosjekta i Rosten og Nedre Otta. I ein ny kommune vil desse inntektene koma alle innbyggjarar og alle delane av kommunen til gode utan noka særskilt øyremerking.

Inntekter frå kraftproduksjon er viktige for å kunne levere gode velferdstenester. Foto: Vågå kommune

Kommunale fond og legat

Dei kommunale fonda vil bli slegne saman med unnatak av Sjoafondet i Sel og Eidefossfondet i Vågå. Desse fonda vil bli vidareførte med bruk avgrensa til kommunegrensene før samanslåing.

Eksisterande legat administrert av kommunane vil bli vidareført med dei statuttane og vedtektena som gjaldt 1.1.2016. Det same vil gjelde for gåvemiddel. Der det er statuttar som er knytte til formål/stader, må dette vidareførast uendra.



14. Interkommunalt og regionalt samarbeid

Ei ny kommunegrense vil gjera det naudsynt å ta ein gjennomgang av det interkommunale og regionale samarbeidet. Fellesnemnda vil gå igjennom dei etablerte ordningane og inngåtte avtalene og vurdere endring i vedtekter, kostnadsfordeling og andre, prinsipielle spørsmål.

15. Tilsette og verksemどoverdraging

Alle tilsette i båe kommunane blir omfatta av ei verksemどoverdraging. Ingen tilsette vil bli sagt opp som følgje av ei kommunesamanslåing. Reduksjon i talet på tilsette i administrasjonen eller tenestene vil bli gjennomført ved naturleg avgang.

Det vil bli utarbeidd ein plan i samarbeid med dei tilsette som omhandlar konsekvensar ved ei verksemどoverdraging. Planen skal byggje på reglane i Arbeidsmiljøloven, Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen som omhandlar verksemどoverdraging.

I perioden fram til samanslåing vil eit partssamansett utval gje råd til fellesnemnda og dei to kommunestyra i personalsaker. Utvalet vil vera samansett av ordførarane, ein politikar frå opposisjonen, rådmennene og to hovudtillitsvalde.

16. Utmarksrettar

Vågå fjellstyre, Finndalen fjellstyre og Sel fjellstyre blir vidareførte som sjølvstendige fjellstyre med den praksis som er gjeldande i kommunane fram til samanslåing.

Dei som har bruksrett og innhaldet i bruksretten for dei jordbruksrelaterte rettane (beite, seter, hogst m.m.) blir ikkje endra ved ei samanslåing, men vidareført som i dag.

Fjellova gjev føresegner i høve til jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenningar. For villreinjakt, småviltjakt og fiske er det kommunegrensene frå 1956 som definerer krinsen av innanbygdsbuande (Kgl. res 1964).

For jakt på elg, hjort, rådyr, bever og smårovvilt er det dei til ein kvar tid gjeldande kommunegrenser som

definerer innanbygds og utanbygds. Viss ikkje anna er bestemt vil difor alle innanfor den nye kommunen vera innanbygds når det gjeld jakt på desse artane.

Regjeringa har nedsett eit lovutval som skal gjennomgå statsallmenningslovverket som består av fjellova og statsallmenningslova. Utvalet skal levere ei innstilling i løpet av 2018. Dette kan føre til lovendringar og slik legge føringer for nye, lokale vurderingar på eit seinare tidspunkt.

Jakthundprøve i Sjodalen.
Foto: Vågå fjellstyre



17. Klima og miljø

Det er sett nasjonale og regionale mål for klima- og energiplanlegging i kommunane Den nye kommunen, som organisasjon, skal sette seg og nå ambisiøse mål for miljøforbetringar i eiga verksemrd. Nye Vågå kommune skal samstundes vera ein pådriver for å få med innbyggjarane, næringslivet og eigarane av fritidsbustader i ei forsterka miljøsatsing for å redusere utslepp til luft og vatn. Miljøperspektivet skal vera styrande i areal- og samfunnsplanlegging.

Både Sel og Vågå har i dag klima- og energiplanar med revisjonsbehov. Det skal utarbeidast ein ny klima- og energiplan for den nye kommunen. Planen skal definere hovedutfordringar og mål for ulike tema og ha ein handlingsdel med konkrete tiltak for å nå måla som blir sett.

Lokale tiltak er aktuelt mellom anna innan transport/samferdsel og energibruk og -produksjon.

Eksempel på aktuelle, lokale tiltak kan t.d. vera:


- Etablering av samanhengande lokal infrastruktur for ladestasjonar for el-bil (og -sykkel).
- Tiltak for å redusere bilkøyring /samla transport.
- Stønadsordningar som utløyser energieffektivisering og omlegging til meir miljøvennleie løysingar for næringsbygg, bustader og hytter.
- Rettleiring for reduksjon av klimautslepp i landbruket.
- Energisparetiltak for kommunale bygg og anlegg.

18. Kyrkja

Kommunane løyver ei årleg, økonomisk ramme til drift av kyrkja og til investeringar. Kommunane er representerte i kyrkjeleg råd med eitt kommunestyremedlem. Kommunen kan utføre ulike tenester for kyrkja, til dømes føring av rekneskap og brøyting av parkeringsplassar. Men kyrkja har sine eigne folkevalde organ, og styrer sjølv si eiga verksemrd.

Eventuelle endringar i organisering og styring av kyrkja er difor opp til kyrkja sjølv å avklare. Dei kyrkjelege råda i Sel og Vågå har førebels ikkje teke stilling til eventuelle organisatoriske endringar viss kommunane blir slegne saman. Sjølv utan organisatoriske endringar vil det kunne vera mogleg å hente gevinstar gjennom samarbeid og sambruk av medarbeidarar, ressursar og utstyr.

Det vil uansett vera ein føresetnad for ein ny kommune at drifta av kyrkja i dei to, tidlegare kommunane skal ha same rammevilkår.



Heidal kyrkje - foto:
Kirken i Sel

19. Årlege arrangement

Det er eit rikt kultur- og opplevelingstilbod både i Sel og Vågå. Dette er kvalitetar som skal prioriterast òg i den nye kommunen. Fellesnemnda vil bli beden om å kartleggje kva for større, årlege arrangement som kommunane tradisjonelt har gjeve stønad til, og gje tilråding om kva som skal førast vidare som praksis i den nye kommunen.

20. Etableringstidspunkt for den nye kommunen

Den nye Vågå kommune er i funksjon frå 1. januar 2020. Det blir vald kommunestyre i den nye kommunen ved det ordinære kommunestyrevalet i september 2019. Det nye kommunestyret konstituerer seg innan 31. oktober 2019. Det skal før årsskiftet gjerast vedtak om mellom anna budsjett for 2020 og økonomiplan for minimum 2020 - 2023.

Dei noverande kommunestyra i Sel og Vågå får etter inndelingslova § 27 forlenga si funksjonsperiode fram til årsskiftet 2019/2020. Ansvaret og fullmakter

etter kommunevalet i 2019 blir avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei to kommunane.

21. Folkerøystinga og prosessen vidare

Kommunestyra i Sel og Vågå har vedteke at det skal haldast rådgjevande folkerøysting 22. mai om ein ny kommune basert på intensjonsavtala. I folkerøystinga vil alle manntalsførte som fyller 16 år i 2016 og eldre ha røysterett. Veljarane kan røyste ja, nei eller bruke blank røystesetel. Stemmer ein blankt, betyr det at ein ikkje vil eller kan ta stilling til samanslåing av Sel og Vågå og danning av ein ny kommune.

Det er kommunestyra i Sel og Vågå som med bakgrunn i mandatet frå Stortinget, prosessen i kommunane med den framforhandla intensjonsavtala, resultatet av den rådgjevande folkerøystinga og sjølvstendig vurdering av saka, tek stilling til om Sel og Vågå saman skal danne ein ny kommune.

Om båe kommunestyra gjer positivt vedtak om ei samanslåing, blir det halde felles kommunestryremøte for kommunane den 20. juni 2016 der Fylkesmannen i Oppland er til stades. Etter dette skal kvart av

kommunestyra same dagen på nytt stadfeste vedtaket om ein ny kommune.

Vedtak må vera fatta før 1.7.2016 for at den nye kommunen skal kunne utløyse dei økonomiske verkemidla omtala under punkt 13.

Fylkesmannen sender si tilråding til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) i løpet av hausten 2016. Fylkesmannen si tilråding er i prinsippet uavhengig av kva kommunane vedtek. Statsråden i KMD vil fremje proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur våren 2017.

Vågåmo / Otta, 7. april 2016

Iselin Jonassen
Ordførar Vågå kommune

Dag Erik Pryhn
Ordførar Sel kommune



Foto: Vågå kommune



Frå Heidal, foto: Sel kommune



Frå Nordherad, foto: Vågå kommune

Dato for folkerøysting er 22.mai 2016.

Veljarane blir bedne om å svare på følgjande spørsmål:

"Vil du at Sel og Vågå går saman om å danne ein ny kommune frå 1.1.2020?"

Veljarane får tre svaralternativ: Ja, Nei og Blank.

Innbyggjarar som fyller 16 år i 2016 og dei som er eldre, har røysterett.

Få meir informasjon om kommunereformen ved å skanne QR-kodene til kommunane sine heimesider:

